



## Møteprotokoll

**Utval:** KULTUR,- MILJØ- OG ENERGIUTVALET  
**Møtestad:** Rådhuset  
**Møtedato:** 20.04.2010 **Tid:** 18.00

Desse møtte:

Bjørn Nedreskodje, leiar  
Inge Øye  
Edith Stokke  
Terje Vadset  
Ole Bjørn Hildre  
Torbjørn Skodjereite

Dagfinn Erstad var kalla inn som vara for Elise Stette, men møtte ikkje.

Frå administrasjonen møtte: Frode Helland, Bente Glomset Vikhagen, Haldor Aasebø og Ingunn Stette.

### SAKLISTE

Sak nr.	Arkivsak
2/10	10/63 <b>STI LANGS FJORDEN SKODJE SENTRUM - STRAUMEN</b>
3/10	09/225 <b>BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE</b>

**Sak 2/10**

**STI LANGS FJORDEN SKODJE SENTRUM - STRAUMEN**

**HANDSAMING:**

Utvalet slutta seg til konklusjonen i notat datert 25.03.10 frå planleggjar Ingunn Stette.

**VEDTAK:**

Det vart vedteke å arbeide vidare med ska i arbeidsmøte 19.05.10.

**Sak 3/10**

**BRUKEN AV ENGESET SKULE OG BRUSDAL SKULE**

**HANDSAMING:**

*Grusbana ved Brusdal skule:*

Frode Helland gjorde greie for dei kontaktane han har hatt med Ålesund kommune, og dei krava som er nedfelt i "Brusdalsskjønnet".

*Konklusjon:* Teknisk sjef tar kontakt med Skodje IL for å få definert deira behov for å bruke bana som avlastingsbane. Dette skal danne grunnlag for vidare drøftingar med Ålesund kommune.

*Brusdal skule.*

Frå administrasjonen vart det gjort greie for moglege behov for avlasting under byggeperioden for Valle skule. Det vart vidare gjort grei for utsiktene til behov for meir barnehagelokale. Det vart og lansert ein ide om å legge bygningen ut for sal.

Etter drøfting i utvalet enda ein med slik

*Konklusjon:*

Brusdal skule skal inntil vidare nyttast som grendehus for Brusdalen. Rådmannen blir bedt om å framforhandle ein brukaravtale.

Ny vurdering skal gjerast våren 2011.

*Engeset skule.*

Frode Helland gjorde greie for kontakt med brukarlaget for Engeset skule.

Etter ein del drøfting i utvalet kom ein til følgjande

*Konklusjon:*

Rådmannen arbeider vidare med saka. Frå utvalet si side er ein villig til å tilrå å bruke inntil 200.000 kr som kompensasjon for manglande vedlikehald. Det bør og drøftast om desse pengane kan brukast på andre måtar for å sikre grendehusfunksjonen i Engesetdalen:

**VEDTAK:**

Viser til konklusjonane ovanfor.